

# Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel <b>Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystemet i kontrollrom på Kollsnes - Aktivitet 003000036 - Tilsynsrapport</b>	Aktivitetsnummer 003000036
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergstrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergstrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 17.12.2021

## 1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Gassco si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på landanlegget Kollsnes i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

## 2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan vere manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

### 3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

### 4 Resultat

#### 4.1 Generelt

Anlegget på Kollsnes har eit eldre skjermssystem i kontrollrommet der det ikkje er gode løysingar for systematisk oppfølging av måltala for alarmsystemet. Tala for alarmrate er for det meste i nærleiken av kravet i styrande dokumentasjon. Omfanget av ståande alarmer er noko over kravet.

Vi har mottatt vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensingar.

### 5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

*Avvik:* Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

*Forbetringspunkt:* Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

#### 5.1.1 Mangelfull oppfølging av alarmsystema

Omfanget av ståande alarmer gjer at det kan være krevjande å forstå og handtere avvik og faresituasjonar som oppstår.

#### Avvik

Equinor følgjer ikkje opp omfanget av ståande alarmer.

#### Grunngjeving

HMI-systemet, ABB Conductor VMS, har ikkje gode løysingar for systematisk oppfølging av alarmsystemet. Det er heller ikkje etablert alternative løysingar for slik oppfølging.

#### Krav

*Teknisk og operasjonell forskrift § 21 om menneske-maskin-grensesnitt og informasjonspresentasjon*

*Teknisk og operasjonell forskrift § 33a om kontroll- og overvåkningssystemer*

## 6 Deltakrar frå oss

Arne Halvor Embergstrud, Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)  
Linn Iren Vestly Berg, Fagområde arbeidsmiljø,  
Elisabeth Vaagen, Fagområde arbeidsmiljø,  
Kristian Solheim Teigen, Fagområde prosessintegritet,  
Asbjørn Ueland, Fagområde prosessintegritet.

## 7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Alarmrater Plot.pdf
- Alarmrater.xlsx
- ALP arbeidsordrer og notifikasjoner.pdf
- GL1494 Alarm system guideline ver 1.01.pdf
- Hvordan ivaretar Kollsnes alarmhåndteringssystemene i sentralt kontrollrom.docx
- Kollsnes- Svar på oppfølgingsspørsmål fra PTIL alarmhåndtering SKR.pdf
- OM201.08.06 - Analyse av alarmer i sentralt kontrollrom.pdf
- ST-14557-1 Kollsnes Nåanalyse med vedlegg.pdf
- TR1494 Alarm system.pdf